

Referat FAU-møte 05.10.22

Kl. 17.30 – 19.00

Desse møtte: Olaug Rong, Jeanette Torsvik, Therese Hellesøy, Henriette Eriksen Ingebrigtsen, Rebecca Andersen, Guro Gunnarsen, Silje Widding, Trine Omland (rektor) , Karen Stølsnes Helle, Silje Rong Vetås, Hege Opheim Kaland, Ina Rong, Silje Karin Bjørkmann og Ivar Dale

1. Godkjenning av sakliste:

Natteravnsaka vart stroken.

2. Møtedatoar skuleåret 2022/23:

05. oktober 2022

16. november 2022

04. januar 2023

14. februar 2023

29. mars 2023

10. mai 2023

(Desse datoane er lagt til dei dagane 10.klasse arrangerer party, og fell stort sett på onsdagar. 14. februar er ein tysdag. Møta er frå 17.30-19.00)

3. Sosiale medier:

Me vil ha felles facebookgrupper for alle på trinnet, og standardisering av navn på gruppene (t.d. 2009-kullet ØUS). På desse gruppene skal klassekontaktane snarast leggje ut info om ulike grupper som omhandlar MOT og ØUS. (Facebook: *MOT-KVELD* for informasjon om mot-kveldane, og *mot.ous* for generell informasjon om mot sitt arbeid på skulen. Instagram: *mot.ous*)

4. Arrangement på skulen:

- a. 10. klassearrangementa går sin gang (det er laga eiga arrangementsgruppe med foreldre og elevar frå 10. trinn).

-Kjolar og kleskodar: me vil vere tidleg ute og avkrefte myter rundt kva som er lov og ikkje. Ein kan komme i det ein vil, -me vil jobbe for eit inkluderande miljø.

-Temafestar eks: glitterparty, neonparty, juleball, halloweenparty

- b. Klassearrangement: Vente og sjå til etter halloweenfesten.

8. klasse kan gjerne arrangere noko før for å verte betre kjend.

5. Elev- og foreldrekultur:

Me ønskjer ein kultur der me gjer beskjed til kvarandre når me ser noko me tenkjer at andre foreldre treng å vite. «Snitche»-omgrepet må avskaffast, og me må heller

framelske «nabokjerringa». -Det trengs ein landsby for å oppdra eit barn. Me må starte med oss sjølv, -oppfordre i facebookgruppene til å møte mannsterke på MOT-foreldremøtet 26. oktober 22.

6. Språkbruk/haldningar blant elevane på skulen:

Olaug tek kontakt med rektor og høyrer korleis dei jobbar med denne tematikken.

7. Vedtektene.

Olaug går gjennom vedtektene:

- I tillegg til eit bra psykososialt miljø for elevane vil me også styrke foreldregruppa.
- Konflikthaldning i fau: droppar ei setning som såg litt uferdig ut.
- Elles einige.

8. Rektor informerer om skulen:

- 10. klasse er den første klassen som skal ha eksamen etter korona og fagfornyninga.
- Ein karakter i engelsk, ikkje munnleg og skriftleg som før.
- Kun undervegsvurdering i norsk 8. og 9. trinn på hausten.
- Ny overordna del av KL20, fokus på elevmedverknad. Elevane skal verte betre kjend med kva dei skal lære, korleis dei skal lære og få involvert dei i dette.
→ Blokkdag, -gode moglegheiter for å utnytte dagane og faga betre med lengre økter.
- Dei ulike klassane har det siste året vore på klasseset, hatt praktiske matematikkdagar og andre kjekke opplegg på t.d. blokkdagane.
- MOT-foredrag 26. oktober: *Skulen som samfunnsbyggjar* med Sverre Ræder
- To klassetrivselsundersøkingar i året. Desse gjerast digitalt. Ei enkel på hausten, og ei litt meir djuptgåande til våren. Begge vert i forkant av utviklingssamtalen.
- Kick-off dag med MOT, hei-dag, temadag, friminuttaktivitetar, mot til å glede dagen. Motivatorar hjelper til inn mot 8.klasse som gruppeleiarar på tverrfaglege dagar i t.d. helseveke.
- Tilpassa opplæring. Meir rom for spes.ped. inn i klasserommet. PPT hjelper med å gje verktøy som skulen kan bruke til varierte oppgåver i klasserommet. Ein av lærarane i etterutdanning i spes.ped. no. Skulen er også inne i ei førelesningsrekke med Dysleksi Norge.
- Pilotprosjektstilling på 80%, FOR, Carina Seglem, skulevegring.
- 150.000 i koronamidler til sårbare barn, -ekstra miljøarbeid rundt dei elevane som treng det.
- Fysisk og psykisk helseveke, neste i veke 4, skal ha foreldrearrangement. Obligatorisk for elevane, avsluttar med eit slags mot-arrangement.
- Musikal i veke 8.

Referent: Ina Rong